

TEMAPLAN

Små songstruper
store historier
2026 - 2027



Kruna



Skåla



Kåpa

LOEN
BARNEHAGE

Loen lesebarnehage

Når Loen Barnehage vel å ha fokus på bøker, lesing og det å gjere boka levande i barnehagekvardagen, er det med tanke på å skape eit godt språkmiljø for alle barna.

Loen barnehage vart tildelt «Den Nasjonale Leseprisen 2015» for arbeidet sitt med lesing og bøker.

«Å støtte barns utvikling av språk er ei av barnehagen sine kjerneoppgåver. Regjeringa har difor vore opptatt av at alle barn i barnehagen skal oppleve eit rikt språkmiljø som gir støtte til utviklinga av språk og kommunikasjonsevne i vid forstand» (Meld.St.24 – 2013, s 80).

Kva lesing kan gjere for barna

Bøker er tilpassa barn i ulike alder, alt ligg såleis til rette for å kunne ta i bruk bøkene tidleg. Det er vanleg å klassifisere litteratur for barnehagebarn i kategoriane peikebøker, biletbøker, tekstbøker og faktabøker. Desse kan knytast til barnas alder, men ein kan også seie at dei kan knytast til barnas utvikling og leseerfaring. Høgtlesing for barna i barnehagen førebur dei til den seinare reint tekniske delen av lese og skriveopplæringa som skjer i skulen. Vi skal ikkje lære barna å lese og skrive i barnehagen, men arbeidet med tekst vil føre barna inn i ulike sider ved språket (Solstad 2008). Det kan ofte vere vanskeleg å forstå eit barn som snakkar om noko som *har* hendt eller som *skal* hende. Barnet får gjennom lesing utvikla ord og omgrepsforråd, og bøyingar i tid. Lesing hjelper barnet til å kunne ta omsyn til den det snakkar saman med, og fylle ut dei hola som trengs for at andre skal forstå det som vert sagt. Barnet klarar å få språket til å «stå på egne bein».

Kva vi tilbyr i høve lesing og eit godt språkmiljø i Loen Barnehage

- Dagleg høgtlesing i grupper eller individuelt.
- Eigne språkleksamlingar for alle barna kvar veke.
- Språktrening, også via bøker, for barn med særlege behov i høve si språkutvikling.
- At figurar frå bøkene kan bli levandegjort i kvardagen, tilført sunn galskap og humor.
- Oppfølging av bøker gjennom leik.
- Vi har *opne* planar, slik at vi lett kan vere impulsive og fylgje barna sine innspel.
- Vi dokumenterer desto meir *i etterkant* for å vise kva vi *har* gjort.
- Eige utlånsbibliotek i barnehagen, for foreldre og barn.
- Samarbeid med Stryn Bibliotek som forsyner oss med bøker på ulike språk.
- Oppfordrar foreldre til å lese for barna kvar dag ved leggetid.
- Leselotteri med kåring av Loen sin leseprisfamilie kvart år i februar.




Vi føl ofte bokseriar over eitt år, og jobbar vidare med andre fagområde ut frå dei.

Andre år føl vi heller eit tema, og fyller på med varierte barnebøker ut frå dette. Bøkene blir slik springbrett for vidare læringsprosessar og prosjektarbeid.




Ikkje vent til barna har eit språk før du begynner å lese for dei – les for dei – slik at dei *får* et godt språk! (Lesesenteret 2015)



Halvårs-kalender hausten 2026

| | |
|---|--|
| <p>ÅRSTEMA:</p> <p>Gjennom barnehageåret har vi tradisjonelt mange faste opplevingar som føl årts gang og høgtider. Barnehagen har også andre temaveker som er blitt tradisjonar over fleire år. Vi skal gå meir i djupna på desse forskjellige tradisjonane som kjem att kvart år.</p> <p>Lesing og musikk vil vere vårt viktigaste verktøy i dette arbeidet, og satsinga blir kalla «Små songstruper, store historier». Vi kjem til å lese forskjellige bøker og synge forskjellige songar som passar til dei ulike årstidene og temavekene våre.</p> <p>Val av bøker og songar tek omsyn til alder og modning hjå barna. Vi vil gjere bøkene og songane levande med konkretar, dramatisering og forteljingar.</p> <p>Nytt av året er fokussong kvar månad. Song som språkstimulering er fantastisk bra, og har songen ei lang og god forteljing, med god rytme, gjerne på rim; Då snakkar vi språkutvikling gull verdt!</p>  | <p>AUGUST: TILVENNING</p> <p>«Vennskap» Fokussong: «Det er godt å ha nokon»</p> <hr/> <p>Tilvenning, tryggleik, reglar og rutinar. Namnesongar og bumerkesongar.</p> <p>Vi gler oss over å sjå både gamle og nye venner. Vennsksbygging i barnehagekvardagen, vi ser og bryr oss om dei rundt oss.</p> <p>Bamsen Henry kjem på besøk og har enkel innføring av førstehjelp.</p> <p>Hausting av bær på busker og skogsbær i Loen.</p>  <p><i>Vurdering:</i> Tryggleik/ Ramme <i>Faste opplegg:</i> Inntakssamtale. Foreldremøte. Venneveke, førstehjelpsveke.</p> |
| <p>SEPTEMBER: FRÅ JORD TIL BORD</p> <p>«Hausting» Fokussong: «Eple og pærer»/«Haustvise»</p> <hr/> <p>Vi ser tilbake på plantinga om våren og haustar det vi sådde i plantekassane i grønsakhagen vår.</p> <p>Vi kjenner mange kjekke bønder som inviterer til gardsbesøk og som tek imot arbeidskraft til innhaustinga.</p> <p>Brannbilen blir invitert på besøk og vi har fokus på brannvern i barnehagen.</p>  <p>Plukking av frukt: Plommer, epler og pærer. <i>Vurdering:</i> Observasjon av einskildbarn. <i>Faste opplegg:</i> Brannvern-veke, maskinmessa i Loen</p> | <p>OKTOBER: NATUREN GLØDAR</p> <p>«Trafikk i mørketid» Fokussong: «Trollmors vuggevis» «Den uheldige mannen» (Egner)</p> <hr/> <p>Trafikkreglar og refleksbruk.</p> <p>Vi inviterer politiet</p> <p>Kva skjer om hausten?</p> <p>Ettermiddagane blir mørke og vi treng refleks.</p> <p>Hausting av gulrot, kål, poteter. Hausttaketid. <i>Vurdering:</i> Foreldresamtalar, barnesamtalar. Avdelingsmøter med gjennomgang av kvart barn. <i>Fast opplegg:</i> Gjennomføring av samtalar.</p>  |
| <p>NOVEMBER: NATUREN GÅR I DVALE</p> <p>«Haust blir til vinter» Fokussong: «På månen bur ein liten mann»</p> <hr/> <p>Når naturen «går og legg» seg – om den lange vintersøvnen.</p> <p>Tur-dagar: Busstur for avdeling Kåpa, leik i skogen på baksida/skuleparken.</p> <p>Vi forbereder oss til jul. Baker julekaker og pyntar.</p> <p><i>Vurdering:</i> Oppsummering av foreldresamtalar/Tiltak <i>Faste opplegg:</i> Farsdags-gåve, kino, innskriving i skulen. Adventslepp og trappeglogg.</p> | <p>DESEMBER: VI TENNER VÅRE LYKTER</p> <p>«Julefortellingar» Fokussong: «Musevisa»</p> <hr/> <p>Vi les julebøker frå adventskalenderen kvar dag. Vi har fokus på å glede andre. Juleevangeliet, tradisjonar, solsnu, verkstad, julebakst, song og julemusikk.</p> <p>Turdagar: Ake/skiaktivitetsdagar og mat på bål i barnehage/skule området <i>Faste opplegg:</i> Lucialunsj og nissefest for barna. Juletreffest for familien, saman med skulen.</p> |

Halvårs-kalender våren 2027

| | |
|--|---|
| <p>JANUAR: VINTER, IS OG SNØ</p> <p>“Framføring for kvarandre” (konsert/teater) Fokussong: Vi vel songar som vi dramatiserer</p> <hr/> <p>Vi jobbar med forskjellige songar avdelingsvis. Desse skal vi presentere/dramatisere for kvarandre.</p> <div style="display: flex; align-items: center;"> <div style="flex: 1;"> <p>Vinter og kulde- vi lagar iskunst og snøformer. Turdagar blir byta ut med ake/ skiaktivitetsdagar og mat på bål i barnehage/skule området.</p> </div>  </div> <p><i>Vurdering:</i> Oppsummere hausthalvåret, forbetringar?</p> | <p>FEBRUAR: KARNEVAL OG FEIRING</p> <p>«Sol, sol, kom til meg» Fokussong: « Dyrene i Afrika»</p> <hr/> <p>Februar måned byr opp til mykje feiring; morsdag, fastelavn, Solfest/karneval, leselotteri.</p> <p>Når sola sakte vekkjer natur og menneske til liv att... Turdagar går dit sola er, vi er ute med ake/skiaktivitet og mat på bål i barnehage/skule og nærområdet.</p> <p><i>Vurdering:</i> Barneobservasjonar, tilbod om vårsamtalar. <i>Faste opplegg:</i> solfest/karneval, fastelavnsbollar morsdagsgåve, leselotteri for heimane, vårsamtalar</p> |
| <p>MARS/ APRIL: PÅSKE - NATUREN VAKNAR TIL LIV</p> <p>«Påske og vårbøker.» Fokussong:«Kyllingen»(Prøysen)/«Ida’s vise” frå Lønneberget»</p> <hr/> <p>Påskeaktivitetar/pynt, Påskeforteljingar, sol og nytt liv. Påskeevangeliet for 4+5åringar.</p> <div style="display: flex; align-items: center;"> <div style="flex: 1;"> <p>Vi går på oppdagingsferd, utforskar naturen og nærmiljøet, og livet som dukkar opp om våren. Vi går i fjøsen! Klarer vi å arrangere Loen sin første musikkfestival?</p> </div>  </div> <p>Klargjering av grønsakhagen, så frø inne og ute. Vi kostar og rakar og ryddar hagen vår- komposthaug.</p> <p><i>Faste opplegg:</i> Påsegudsteneste, skattejakt etter påske egg, «Den store barnehagedagen via UDF».</p> | <p>MAI: FESTDAGAR OG HØGTID</p> <p>«Miljøet, med fokus på skogen» Fokussong:«Gåteviser»/«Kom mai du skjønne milde»</p> <hr/> <p>Vi hjelper til i nærområdet med å halde naturen rein. Korleis går det med dyr om naturen blir forsøpla? Kva skjer med dyra i skogen? Vi pakkar sekken med forstørrelses-glas og forskarlyst.</p> <p>17. maisongar og forteljinga om landet vårt. Pinse og Kristi Himmelfartsdag.</p> <p>Miljøvernveke-temaopplegg Hald naturen rein- søppelplukking. Såing/planting i grønsakhagen.</p> <p><i>Vurdering:</i> Oppsummering av året. Årsplantankar for neste barnehageår.</p> <div style="display: flex; align-items: center;"> <div style="flex: 1;"> <p><i>Faste opplegg:</i> Gardsbesøk, 17.mai-førebuingar, mappegjennomsyn/ sluttsamtale 5-årsforeldra, trafikkveke. Sykkeldag på Kåpa.</p> </div>  </div> |
| <p>JUNI: SOL OG SOMMAR</p> <p>«Livet i skogen» Fokussong: «kva seier den kua?»/«Forureining-song»</p> <hr/> <p>«Vi tek turar i skogen og søker skogens ro. Kven er det som bur i skogen? Vi lyttar til fuglesongen og leitar etter dyrespor.</p> <p><i>Faste opplegg:</i> Utflukter, besøk til/frå barnehagar Grillfest/sommarfest med skulen. Overføringssamtale 5-åringar mellom barnehage-skule.</p> | <p>OPPLEVINGAR</p> <p>Arrangement: I Loen barnehage blir tema-arbeidet til medan vi går. Vi <u>tren</u> barna sine innspel og respons undervegs. Med deira sine tankar og ivrige kommentarar her og no, legg vi planar for ulike arrangement, og framhevar det barna vert opptekne av. Gjerne med sunn galskap og humor som drivkraft.</p> <p>Utflukter: Turar og utflukter vil vere tilpassa dei ulike avdelingane, og slik variere ut frå alder/meistring/behov. Bussturar ventar vi med å tilby barna til dei går på avdeling Kåpa, medan vi vektlegg opplevingar i nærområdet for avdelingane Skåla og Kruna; Alt til si tid - ulike opplevingar til ulike tider i oppveksten!</p> |

Arbeid med ulike fagområde i kvardagen

Progresjon for barnet gjennom 5 år i barnehagen

| | |
|---|--|
| <p>Om fagområda i barnehagelivet. <i>"For småbarn finst det ikkje spesifikke fagområde, berre liv!"</i> (Rammeplanen 2006)</p> <hr/> <p>Gjennom kvardagen tileignar vi oss kunnskapar og erfaringar frå fagområda. Dei trer fram som sider av livet og verda. I barnehagen vert fagområda fletta inn i rutinar, kvardagsaktivitetar; leik, ulike pedagogisk opplegg, og tilrettelegging av fysisk miljø inne og ute. Den vaksne er tilretteleggjar og støttande stillas undervegs. Vi forskar saman - på livet - på ulik måte etter alder. Barnet er aktør frå fyrste stund. Saman mot målet... heile vegen! Sentrale stikkord for arbeidet med fagområda: Undring, utforsking og skapande aktivitetar. <i>Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald. Barna sin leik utgjer det viktige grunnlaget for arbeidet med fagområda.</i> (Rammeplanen 2017)</p> | <p>Kommunikasjon, språk og tekst. <i>"Eg veit ka vi eigentleg gjer når vi snakkar, då seie vi bokstavane, eigentleg"</i> (Vegard 6 år)</p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Om samhandling, om å tolke, lytte, sjå, blikkontakt, respons, kroppsspråk, verbalt språk, smil, latter, gråt. Å setje namn på barnet si verd, på romma, på menneska, på naturen. Bøker, barneregler og gjentakingar.</p> <p>Kåpa Den gode samtalen om opplevingar, tankar og kjensler: "Fortel meg meir". Språk som reiskap til konfliktløsning og det å skape positive relasjonar. Vaksne som førebilete, utviding av omgrep og variert ordforråd. Høgtlesing, rim, regler, dikt, songar, tekst.</p> <p>5-årsklubben Tekst, bokstavar som symbol, leike-skriving.</p> |
| <p>Kropp, bevegelse mat og helse. <i>"Barn søv ikkje – dei ligg på lading!"</i> (Ukjent)</p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Om å vere til med heile seg, om å sanse og forstå med kroppen, prøve ut rørsler, vere i bevegelse, vakle – snuble – reise seg att, hoppe, falle, springe, rulle, krype. Om å kle seg, sunn god mat, aktivitet og kvile.</p> <p>Kåpa Gje rom for variert fysisk/motorisk aktivitet og utfordringar ute, i skogen og i gymsalen. Ivareta behov for høveleg støyning og veksling mellom aktivitet og kvile. Rytme/dans, positiv kroppsleg sjølvoppfatning. Kunnskapar om kroppen og gode vanar med kle, hygiene, kost, helse, tannhelse og fyrstehjelp.</p> <p>5-årsklubben Opplegg også i gymsal 1 time pr. veke.</p> | <p>Kunst, kultur og kreativitet. <i>"Eg har muså i fello-musikk heime, Hilde"</i> <i>"Når nettene blir lange?"</i> <i>"Eh, ja!!"</i> (Sjur 4 år)</p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Om "musikk midt i magen", song, rytme, lydar, om å skape med armar og bein, med fingrar som måler, klissar, sutlar, bakar, kjenner på; mjukt, hardt, kaldt, varmt. Om å vere i roller: pusen, voven, trollet...BØ!</p> <p>Kåpa Musikk inne/ute, song, rytme, lydar, dans, drama, rolleleik, songleikar, instrument, fantasi, kreativ tenking, skaparglede. Gjere inntrykk om til uttrykk via måling, teikning, klipping, liming, spikking o.a. Kunnskapar om teknikkar for å kunne uttrykke seg estetisk. Fargebruk, stemningar. Kunst og kunstnarar, lokale handverkarar. Estetisk dimensjon over inne/uteområde.</p> |

| | |
|--|---|
| <p>Natur, miljø og teknologi. <i>"Kan ein makk leve om ein klipper den i to? (Klipp) Ooops – jaaa, det KAN den! (Henki 5 år)</i></p> <hr/> <p>Kruna og Skåla På vaklande bein i ulendt terreng, med ei hand å halde i. Utforske, undre, ta på, sjå, lytte, smake, lukte. Ei verd av mose, gras, lyng, kongler, dyr, fuglar, småkryp, busker å gøyme seg bak, jord, småstein, vatn, blomar, snø, is og leire. Verda i knehogde....</p> <p>Kåpa Vi slepp hendene, føtene blir "fulle av spring", ut i skogen, i gapahuken, opp i trea, vasse ved bekken, klatre på steinar, rulle i mose. Subbing i tung snø, renning på isen, gå på ski i nysnøen. Årstidene sin rundgang. Om å ta vare på naturen, markens grøde, om dyr, fuglar og plantar. Om å gje nye generasjonar gode haldningar til ei berekraftig utvikling, om å ta vare på kloden vår. Ver og vind, ulike naturfenomen, teknikk og naturlover i leik og kvardag. Oppleving, undring, utprøving.</p> | <p>Etikk, religion og filosofi. <i>"Vi må ikkje lyge, for då kjem reven og et opp saudene våre"... (Ulv,Ulv!) (Martine 5 år)</i></p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Om å dele, fellesskap, vennskap, konflikhtar, grenser, omsorg, trøyst, vere glad i.. Småbarna er klare for å dele kjensler med andre heile tida. Slik skapar dei eigen og andre sin identitet!</p> <p>Kåpa Vennskap og konfliktløysing. Den gode forteljinga som utgangspunkt for refleksjon og hjelp til å forstå. Normer, verdiar toleranse og respekt, om å kunne ta eigne val. Mangfald og forståing for andre menneske si livsverd og levesett. Ulike religionar og livssyn, ikkje forkynning. Kristne grunnverdiar, høgtider og tradisjonar, Julefest og Påskegudsteneste. Familiar som vil reservere seg på dette feltet, kontaktar sin pedagog for avtale.</p> |
| <p>Nærmiljø og samfunn. <i>"Fyst e det Mount Everest, så e det Galdhøpiggen, så e det Skåla, og sooo e det lisje Skåla! (Eirik 5 år)</i></p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Loen i verda – og verda i Loen....! Å lære oss å vere saman, på godt og vondt.. Medverknad, med-skaping i eigen kvardag. Å vere i alt det nære kring oss, gå turar i nærmiljøet. Saman om å bli kjend i fellesskapet - skape tillit og vekke undring.</p> <p>Kåpa Barnehagen som eit demokratisk samfunn i miniatyr. Fellesskap, likeverd, likestilling, menneskerettar, FN sin barnekonvensjon. Deltaking/medverknad i barnehage samfunnet. Kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, om arbeidsliv, skule og barnehage. Naturen, fjella, breen, vatna og fjorden som utgangspunkt for turisme og arbeidsplassar før og no. Hotel Alexandra, gondolbane, cruisebåtar, bondegard, fruktdyrking, Nordfjord kjøt - dyr og slakting.</p> <p>5-årsklubben Støtte på veg over i ein ny samfunnsarena.</p> | <p>Tal, rom og form. <i>"Kor mange bøtter høg e du...???" Leikebøttestabling i tårn (Anne 33 år)</i></p> <hr/> <p>Kruna og Skåla Mange, ingen, alle, en og to og tre...å hopp! Matematikken er også undersøking av verda. Det handlar om å bruke kroppen; sortere og finne meining - kva passar saman, går den inn her? Dei tre Bukkane Bruse og Trollet. Putteboksar, sortering, puteleik og bygging med klossar.</p> <p>Kåpa Om tal, teljing, rom og form, forsøk med storleikar og mål, vekt og volum. Matlaging med mål og mengde, bord-dekking, deling av materiell/frukt – like mange... Kven et mest brødsiver – tre heile eller seks halve? Kven er størst/minst, høgast/lågast, eldst/yngst, først/sist? Trekantar, firkantar, sirkclar. Om å sjå matematikken i kvardagen, stimulere barnas undring, sjå samanhengar, setje o</p> <p>5-årsklubben Talsymbol, mengde, omgrep, rekning, former</p> |

Samlingsplanar

Alle avdelingar startar kvar dag med morgonmøte, med songar og plan for dagen.

På Kåpa les ein også bokseriar/føljetongar kvar morgon. Her er det i tillegg ei hovudsamling med fagområde lagt til klokka 12.30 kvar dag.

Personalsamarbeid

Arbeidet for og med barna, fagutvikling og praktisk pedagogikk krev tid til felles planlegging og samhandling. Vi organiserer møter som ein del av våre faste rutinar. Fredag er vår møtedag;

- Leiarmøte – Pedagogiske leiarar, assisterande styrar og styrar
- Avdelingsmøte – Rullerande avdelingsvise møter.
- Personalmøte – Alle tilsette 2 timar på kveldstid 5 gongar per år.
- Planleggingsdagar /felles kursdagar – 5 dagar i året.

Felles kommunale satsingsområde i Stryn

2026 – 2029 : Eit inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø

ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon)

Barn som har utfordringar med funksjonell tale må oppleve at tilbodet også møter deira behov. Dei må kunne kommunisere på alternative måtar som til dømes med sansar, blikk, rørsle, teikn og peiking. Barnehagen arbeider med teikn til tale, gjennom faste språksamlingar med teikn. Vi arbeider med biletkort/peikesamtale med einskilde barn og nyttar veggtafler som støtte i ulike rom/situasjonar. Kropp-språk/mimikk er også ei god støtte i kvardagen for fleire, som t.d. fleirspråklege barn. Med varierte arbeidsmåtar kan alle barn ta del i kommunikasjon og samspel i kvardagen.

Arbeidsmåtar i høve satsingsområda

Vi jobbar grundig med satsingsområda på våre planleggingsdagar og personalmøte gjennom året. Vi nyttar digitale undervisningspakker frå UDIR, STATPED og andre faginstansar. Vi har også foredrag i personalgruppa, med gruppearbeid og drøfting/refleksjonar kring temaet. Vi førebur og eigne opplegg gjennom å oppdatere oss og legge fram faglege framføringar. Slik eigenutvikling er viktig for å kunne lukkast med satsingar. Barnehageåret 26-27 legg vi inn temaøktar som omhandlar generell kommunikasjon med barn, og ulike fagøktar med teikn til tale, peiketale/biletkort, sansekommunikasjon.

Feiringar i barnehagen

Haustbåldag: Vi fyrer opp bålpanna og ynskjer hausten velkomen, slik dei gjer det i Mummidalen.

Trappegløgg: Barna serverer julebaksten sin til foreldre - på trappa ved henting i barnehagen.

Julefest: Juletreffest i Loen bygdehus – for alle i Loen skule og barnehage, saman med foreldre og alle andre som vil.

Barnehagedagen UDF: Om barnehagen som arena for oppvekst. Vi deler ut lese-pris og byr på sol-bollar ved hentetid.

Påske-avslutning: 4+5 åringar og skulebarna framfører Påskemusikal i Loen kyrkje. Alle som vil er velkomne!

Sommarfest: Grillfest for skule og barnehage i Loen. Vi fyrer opp grillar. Foreldre og andre som vil delta tek med mat.

Bursdagar: Kvart barn vert i fokus i samlinga i barnehagen på sin dag, med flagg og song og leikar.

Om barnet skal invitere til barnebursdag i heimen, må de gjerne legge invitasjon i garderobehylla til barna, slik at foreldre finn den. Kontakt gjerne tilsette om du er usikker i høve utval av inviterte, slik at du får naturlege mindre grupper og unngår utestenging av barn. Ein bør ikkje la barnet åleine få plukke ut kven det vil invitere og slik skape store skuffelsar og uheldig påverke venskap i leikegruppa i barnehage-kvardagen.

Årlege påminningar

Om mat og måltid - Barnet må kvar dag ha med niste til frukost og drikkeflaske fylt med vatn!

Frukost: Det er ein føremon for barna om dei til vanleg et frukost i barnehagen dersom dei kjem før kokka 8.30, dette fordi at dersom dei berre et litt nokså tidleg på morgonen heime, vert desse barna svoltne att før dei andre. Gje gjerne ei skive heime, men send med matboks eller yoghurt/frukt/smoothie/gryn. Det vert ofte til at barna ber om ei skive likevel når dei andre barna et, vi gjev difor alle barna plass ved frukostbordet kvar morgon.

Matboks: Barnet sin frukost er ferdig smurt i boksen. Søtt pålegg, loff, kjeks, kaker og dessertbeger har barna ikkje med! Unngå sjokoladegryn/sukra frukostblandingar. Del skiva opp i halve delar, vi oppmuntrar barna til å ete den vesle delen dei er byrja på. Om barnet ikkje et skorper er det fint om de fjernar skorpen heime (unngår smitteeffekt)

Lunsj: Barnehagen nyttar sunt pålegg og nylaga heimebaka brytebrød eller varm havregraut til dette måltidet.

Varm mat: Barna får varm lunsj/middag ein dag i veka, og barna tek del i arbeidet på omgang. På dagar ute om vinteren hender det vi lager varm mat på bål.

Fruktmåltid: Barnehagen kjøper inn frukt, knekkebrød og tuber med ost/fisk

Drikke: Alle barna må ha med si eiga flaske vatn til/frå barnehagen kvar dag. Desse må reingjerast grundig heime. Flaskene står alltid framme slik at tørsten kan sløkkjast langsmed. Flaskene med vatn er også med i sekken på turar. Vi serverer lett-mjølkk til frukost og lunsj, sei ifrå om barnet ditt ikkje toler å drikke/likar mjølkk.

Kort om kle – Alle kle må vere merka med barnet sitt namn.

Det å vere i barnehagen er ein *arbeidsdag* for barnet, kle det slik at barnet kan klare sjølv, røre seg fritt, halde seg tørr, tole søle og regulere temperatur etter ver og årstid.

Barna må kvar dag ha kle til to skift: to sett til innebruk, og to sett ytterkle. Barnet må vere kledd etter veret. Hugs særleg varm ull eller liknande som underlag om vinteren. Er tørkerommet stappfullt med kle når du hentar, ta barnet sine kle heimatt til tørk. Dette handlar også om barnehagen sitt inneklima i særleg søkkvåte periodar.

Sjuka barn og barnehagen – Barn som er sjuke skal ikkje vere i barnehagen.

Sjuka barn må p.g.a. smittefare ikkje møte i barnehagen. Med sjuke barn meiner ein barn som har feber, omgangssjuka/diare, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan være ute, eller må ha ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, skal barnet heller ikkje møte.

Til vanleg avgjer barnets allmenntilstand om barnet bør vere heime frå barnehagen korte periodar, men for enkelte sjukdomar kan det vere nødvendig å bli heime utover dette for å hindre spreiding av smitte til andre.

Vi praktiserer FHI sin 48-timers regel: Denne gjeld ved oppkast og/eller diare. Dette vil seie at barnet må vere heime i 48 timar etter siste oppkast/diare tilfelle, før det møter i barnehagen att. (Frisk i 48 timer)

Febermåling: Barn kan også bli sjuke medan dei er i barnehagen. Det er då slik at barnet sin allmenntilstand gjer at tilsette må ta ei vurdering av barnet si helse. Vi nyttar då også gjerne eit pannetermometer på barnet for å sjekke kroppstemperatur. Foreldre blir kontakta dersom barnet av ulike årsaker ikkje er i form/har feber.

Utlevering av medisin i barnehagen: Som *hovudregel* skal medisin gjevast av foreldre heime. Om barnet må ha medisin i barnehagetida, gjeld eigne reglar og skjemaufylling for dette. Kontakt ditt barn sin faste pedagog.

Fhi: Barnehagen viser elles til Fhi sine nettsider om sjuke barn og barnehage: Denne kan vere fin å bruke om foreldre er i tvil om barnet kan møte, <https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

Om barnet er borte frå barnehagen ein dag, skal det meldast frå til barnehagen innan klokka 09.00.

Private leikar i barnehagen

Det er ikkje lov å ha med leikar til barnehagen. Private leikar kan ofte føre til konfliktar i barnegruppa. Vi ber foreldre passe på at leiker blir igjen i bilen eller heime. På avdeling Skåla og Kåpa kan ein ha med sykklar i sesong for dette. På avdeling Kåpa kan barna ha med ski om vinteren om dei ynskjer dette.

Dagsrytme Krana (1-2 år) og Skåla (2-3 år)

| TID | AKTIVITET |
|-------------------|--|
| 07.30 | Barnehagen opnar og barna kjem gradvis. Rolege aktivitetar/leik. |
| 08.00 og 08.30 | Frukost. Dei som skal ete frukost i barnehagen må vere komne til seinast klokka 08.30. |
| 09.00 | Mottaking av barn som et frukost heime. |
| 09.00 | Morgonmøte/samling. Leik inne eller ute. Turar. EVT GRUPPEDELING (Blir barnet levert etter klokka 9.00, ring og sei ifrå eller send mld i Vigilo) |
| 11.00 | Hovudmåltid |
| 11.30 | Kvile og sovetid. |
| Ca14.00 | Frukt/knekkebrød. Leik ute eller inne. |
| 14.45 | Ryddetid inne og ute. |
| 16.15 | Vi gjer barn og sekkar klare for henting. |
| 16.30 | Barnehagen stenger. Vi ber om at foreldre passar på å ikkje overskride denne tida. |

SKÅLA/KRUNA
Dagsrytma vil bli
tilpassa årstid, vind og
ver.

Dagsrytme Kåpa (4-5 år)

| TID | AKTIVITET |
|-------------------|---|
| 07.30 | Barnehagen opnar og barna kjem gradvis. Rolege aktivitetar/leik. |
| 08.00 og 08.30 | Frukost. Dei som skal ete frukost i barnehagen må vere komne til seinast klokka 08.30 |
| 09.00 | Mottaking av barn som et frukost heime. |
| 09.00 | Morgonmøte – Barn og vaksne luftar tankar / planar for "dagen i dag.." |
| 09.15 | Evt. Prosjekt / Tema. Leik inne eller ute / Turar. (Blir barnet levert etter klokka 9.00 – ring og sei ifrå eller send mld i Vigilo!) GRUPPEDELING |
| 12.00 | Lunsj. |
| 12.30 | Temasamling. |
| 13.00 | Kvilestund/lydbok 25-30 min. Prosjektarbeid/ Tema/leik. Leik inne eller ute GRUPPEDELING |
| ca14.00 | Frukt/knekkebrød - inne/ute. |
| 14.45 | Ryddetid inne og ute |
| 16.15 | Vi gjer barn og sekkar klare for henting. |
| 16.30 | Barnehagen stenger. Vi ber om at foreldre passar på å ikkje overskride denne tida. |

KÅPA
Dagsrytma vil bli
tilpassa årstid, vind og
ver.

Vedtekter for barnehagar - Stryn Kommune:

«Ved for sein henting må foreldre betale 184,- for kvar påbegynt halvtime.

Dersom barn vert henta for seint meir enn 4 gongar, må den som hentar for seint dekke barnehagen sine lønskostnader for tilsett som går overtid.»

«Ordinær opningstid er frå klokka 07.30 - 16.30. Opphaldstida er 9 timar.

Ved dokumentert behov kan foreldre søkje skriftleg til styrar om inntil 30 minutt forskyvd opningstid på morgon eller 15 minutt på ettermiddagen. Dette gjeld t.d. foreldre som har arbeidstid og/eller køyreveg som gjer det vanskeleg å nå barnehagen innanfor den ordinære opningstida.»

(Vedlegg 1) Riv gjerne av arket - til oppheng på tavla heime

Barnehageruta 2026 - 2027

Barnehagen er open alle kvardagar utanom julaftan og nyttårsaftan og planleggingsdagane.

Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagen klokka 12.00.

Sommarstenging: Barnehagen er stengt tre siste vekene i juli kvart år. (2027: veke 28- 29- 30)

Barna har krav på fem veker ferie i løpet av kalenderåret, desse er fordelt slik:

1. Tre veker ferie i juli kvart år, når barnehagen er stengt.
2. Fem planleggings dagar fordelt utover i barnehageåret der barnehagen er stengt.
(Dette er den femte ferieveka for barna)
3. Ei veke ferie som foreldre sjølv vel plasseringa av. (Må varsle barnehagen 4 veker før uttak av denne)
4. Barnehagen er, ved nok påmelde barn, open i veke 27

| MÅNAD | PLANLEGGINGSDAGAR /STENGT | |
|--------------------|--|--|
| AUGUST 2026 | Stengt: Måndag 03.08. – Planleggingsdag Loen barnehage | Tysdag 4.august er fyrste opningsdag for det nye barnehageåret 2026/2027. |
| OKTOBER 2026 | Stengt: Måndag 05.10 og Tysdag 06.10 | Felles kommunale planleggings dagar (Haustferieveka til skulen) |
| DESEMBER 2026 | Stengt: Torsdag 24.12, fredag 25.12 Torsdag 31.12. Fredag 01.01.27. | Barnehagen er i høve jula open slik: 21/12, 22/12, 23/12 28/12, 29/12, 30/12 |
| MARS og APRIL 2027 | Stengt: Onsdag 24.03; Barnehagen stenger kl 12.00. Torsdag 25.03, Fredag 26.03, Måndag 29.03. Tysdag 30.03 (3.Påskedag) Felles kommunal planleggingsdag | Barnehagen er i påska open desse dagane: Måndag 22.03 Tysdag 23.03 Onsdag 24.03-Barnehagen stenger kl 12.00 |
| MAI 2027 | Stengt: Torsdag 06.05 Fredag 07.05 – planleggingsdag Loen bhg. Måndag 17.05 | (Arbeidarane sin dag er Laurdag 01.05) Kristi Himmelfartsdag. 2.Pinsedag og Nasjonaldag. |
| JULI 2027 | Stengt: Feriestenging veke 28 – 29 - 30 (Ferieope veke 27 dersom nok tal påmelde) | |
| AUGUST 2027 | Stengt: Måndag 02.08. – planleggingsdag Loen barnehage (Denne dagen høyrer til bhg-året 2027-2028) | Tysdag 3.august er fyrste opningsdag for det nye barnehageåret 2027/2028 |

(Vi tek atterhald om endringar - i høve eventuell revidering av den kommunale barnehageruta)

Vi ynskjer at de kontaktar barnehagen raskt og direkte dersom noko er vanskeleg, om det er noko de vil endre, eller om de lurar på noko. Det er fint å løyse små problem i starten, for å unngå at det blir store problem. Den vanlege vegen å gå når du vil ta opp noko, er slik at du kontaktar ditt barn sin pedagog, eller pedagogiske leiar. Treng du å løfte noko vidare, er det assisterande styrar eller styrar du kontaktar. Ikkje nøl - Vi er alle her for ditt barns beste!

Kontaktinfo Loen barnehage

Avdeling Kåpa: 90 61 06 54

Avdeling Skåla: 90 60 79 41

Avdeling Kruna: 48 19 67 28

Loen barnehage sentral: 57 87 77 35

Hilde Briksdal – assisterande styrar: 90 99 03 42